



STYREMØTE 21. JANUAR 2013

Stad: Rådhuset i Askøy, formannskapssalen

Tid: 08:00 – 09:30

01/13	Referat frå møtet 03.12.12	vedl
02/13	Interkommunalt samarbeid og kommunestruktur	vedl
03/13	Kartlegging av strandsone og kommunedelplan næringsareal	vedl
04/13	Søknad om skjønsmidler	Vedl
05/13	Sak om bygningsvernkonsulent	vedl
06/13	Meldingar <ul style="list-style-type: none"> • Referat frå IKKUS møte • Årsmelding Plan- og byggesak • Årsmelding Betre saman for barna 	Vedl Vedl vedl

01/13

STYREMØTE 3. 12.2012

Desse møtte: Ordførarar og styreleiar Ove Bernt Trellevik, Ordførar Eli Berland, Ordførar Siv Høgtun, varaordførar Anne Grethe Solbakk, kommunalsjef Åse Vik, rådmann Odd Magne Utkilen, Rådmann Stig Arne Thune, rådmann Steinar Nesse,

Sekretariat: Per Hillestad, Anne Grete Hareide (ref.) og Vignleik Brekke

Dessutan møtte Torgeir Sæter og Gerhard Inge Storebø og varaordførar Odd Bjarne Skogstad

27/12	Referat frå styremøtet 3. september VEDTAK Referatet vart godkjent slik det ligg føre
28/12	Ny kyrkjeordning – kyrkjeverjer og prosten i Vesthordland møter Prosten i Vesthordland Egil Kopperud, kyrkjeverje i Askøy, Geir Wiksund, kyrkjeverje i Fjell, Aslaug Børve, kyrkjeverje i Øygarden, Olav Martin Vik og kyrkjeverje i Sund Beate Husa møtte. Orientering om arbeidet med ny kyrkjeordning og drøfting. <ul style="list-style-type: none"> - økonomiske rammevilkår for soknet i framtida - kyrkja sin rolle i vår region - kommunal leiing sine tankar om kommunikasjon og samhandling med kyrkja i samband med ny kyrkjeordning - dei ulike alternativa for framtidig organisering -
29/11	Barnevernsvakt v/ Torgeir Sæter VEDTAK

	<ol style="list-style-type: none"> 1. Utkast til saksframstilling blir godkjend 2. Saka blir send til dei ulike kommunane for vidare politisk handsaming i januar
30/12	<p>Oppfølging fosterheimplasserte barn – etablering av regionalt kontor v/ Torgeir Sæter VEDTAK</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Det må leggest inn i saka at eit felles kontor også vil gi synergieffektar, nytt punkt 6 i innstilling som viser til at kontoret blir fullfinansiert. 2. Saka blir send til dei ulike kommunane for vidare politisk handsaming i januar.
31/12	<p>Plan og byggesak – Kommunedelplan arbeid Næringsareal og strandsone</p> <p>VEDTAK:</p> <p>Det må lagast felles sak til neste styremøte. Saka skal vidare til behandling i kommunestyra gjerne med ein felles presentasjon.</p>
32/12	<p>Høyring - Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel VEDTAK:</p> <p>Styret gir ikkje høyringssvar men tema regionale planar må takast opp att i regionrådet.</p>
33/12	<p>Ide – dokumentasjon trafikk v/ Rolf Øvretveit Orientering om plassering av kamera på riksveg 555 som kan informere publikum om trafikksituasjonen.</p>
34/12,	<p>Vegsaker – vitjing av avd.direktør Finne og Samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Avd.dir Finne og seksjonsleiar Aarethun orienterte om aktuelle vegsaker – Sotrasambandet og nord/sør på Sotra. Statens vegvesen og fylkeskommunen tek til orde for at regionen må verta samd om kva prosjekt og tiltak som skal inkluderast i ei bompengepakke-</p>
35/12	<p>HOG–energi, oppdatering v/Dagleg leiar Ove Lunde Lunde informerte om arbeidet til organisasjonen. Visjonen er at Hordaland skal vera ein leiande energiregion i Europa. Organisasjonen prioriterer olje og gass, fornybar energi, miljøteknologi og kompetanse-og konkurranseevne.</p>
36/12	<p>Kommunesamanslåing Saka vart drøfta og det vart gjort fylgjande VEDTAK Det vert søkt statlege midlar for utgreiing om samarbeid og kommunesamanslåing. Kommunane i regionen vert invitert til å ta del i ei mogelegheitsstudie/utgreiing av ulike modellar for kommunestruktur med fordelar og ulemper.</p>
37/12	<p>Krisesenter VEDTAK: Styret i Regionrådet Vest ber rådmennene sjå nærare på krisesentertilbodet slik det er i dag og samstundes vurderer alternative løysingar.</p>
38/12	<p>Møteplan VEDTAK Styremøte 9. sept vert flytt til 16 sept. Planen vert elles godkjent slik den ligg føre. I tillegg til rådmannsmøte 21/1 – 13 vert det også lagt inn eit ekstraordinært styremøte</p>

	denne dagen.
39/12	<p>Meldingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Interkommunale heilskaplege ROS-analysar • Stemmerettsjubileum • Kulturminnekonsulent <p>VEDTAK</p> <p>Rådmennene vert oppmoda om å ta stemmerettsjubileet og grunnlovsjubileet opp med skulesjefane.</p> <p>Styret etterlyser sak til kommunane som gjeld kulturminnekonsulent.</p>

02/13

INTERKOMMUNALT SAMARBEID OG KOMMUNESTRUKTUR

Styret i Regionrådet Vest hadde i sitt møte 3. des. 2012 ei sak om evt . kommunesamanslåing til førehaving.

Styret gjorde fylgjande vedtak i saka:

”Kommunane i regionen vert invitert til å ta del i ei mogelegheitsstudie/utgreiing av ulike modellar for kommunestruktur med fordeler og ulemper samt søknad om finansiering av slik utgreiing”.

SAMANDRAG

Styret i Regionrådet Vest ynskjer å gå vidare med ei mogeleheitsstudie av framtidig kommunestruktur og inviterer kommunane til å ta stode til dette, skissere ein arbeidsmåte og søkja om finansiering.

SAKSOPPLYSNINGAR

Justering/ending av kommunestruktur har vore politisk tema i Noreg over lengre tid. Tema har vorte meir aktualisert den seinste tida i den politiske debatten i samband med at ein står andsynes nytt val til hausten.

Interkommunalt samarbeid har over lengre tid vore alternativ til kommunesamanslåing og er det sjølv sagt framleis. Regionrådet Vest er eit godt døme på dette. Verksemda her har vore formalisert med monaleg verksemd dei seinste tre åra.

No ynskjer styret å vurdera dette samarbeidet for framtida og peikar på ei mogelegheitsstudie omkring kommunesamanslåing/kommunestruktur.

Det å føreta ei slik vurdering lyt sjølv sagt først og fremst takast stode til i dei einskilde kommunane. Derfor denne saka som kan handsamast i kvar einskild kommune som grunnlag for å gå vidare med saka i Regionrådet Vest.

Det er og eit økonomisk aspekt i saka som er vesentleg. Fylkesmannen har som kjent ordningar for finansiering til slike prosjekt via skjønsmidlar. I tillegg har Kommunal og Regionaldepartementet sine egne skjønsmidlar til slike tiltak. Desse vert samordna.

Ved eit eventuelt prosjekt i denne lei lyt det tenkjast prosjektorganisering og arbeidsmåte.

Prosjektet er sjølvsgat sterkt politisk og arbeidsmåten lyt reflektere dette.

Forutan styrevurdering i Regionrådet og politisk handsaming i kvar kommune er Tinget i Vest ein naturleg arbeidsarena.

Prosjektet lyt truleg organiserast med ein prosjektleiar. Det lyt vurderast om ikkje dette skal vera ein person med politisk bakgrunn.

Styret har peika på ei mogelegheitsstudie. Dette inneber fleire modelltenkjingar som går på struktur samstundes som ein tenkjer interkommunalt samarbeid med noverande struktur.

VURDERINGAR.

Styret i Regionrådet Vest bør først gjera vedtak i saka og invitera/tilrå den einskilde kommune å handsama saka og gjera sine vedtak.

Temaet kan om ynskjeleg setjast på dagsorden i Tinget i Vest. Ein bør ta mål av seg at Tinget får i oppdrag å peika ut mogelege modellalternativ som ein ynskjer nærare utgreidd. Neste Tingseta er den 8. april 2013. Tilhøva ligg til rette for at dette kan gjerast dersom ein sameinast om prosjektleiing og prosjektorganisering og det ligg føre naudsynte vedtak før denne tid. Alternativet er neste tingsete.

Det er vidare naturleg at Styret i Regionrådet er organet som styrer denne saka frametter.

Dersom ein vel å engasjera ein prosjektleiar med politisk bakgrunn er det naturleg at sekretariatet sørgjer for naudsynt sekretariatshjelp. Alternativet er å engasjere meir tradisjonell prosjektleiing.

TILRÅDING

1. Styret i Regionrådet Vest syner til sitt vedtak 3. desember 2012 og inviterer kommunane til å inngå i ein søknad der ein søker Staten v/Kommunal og Regionaldepartementet og Fylkesmannen i Hordaland om økonomiske midlar til ei mogelegsstudie/utgriing av ulike modellar for kommunestruktur med fordeler og ulemper.
2. Styret i Regionrådet Vest tilrår at den einskilde kommune gjer fylgjande

VEDTAK

1. kommune sluttar seg til at det vert sett i gong eit prosjekt omkring interkommunalt samarbeid og mogelegheitsstudie av ulike modellar for kommunestruktur.

2. kommune seier seg samd med at det vert søkt om løyving frå Kommunal og Regionaldepartementet og Fylkesmannen i Hordaland til finansiering av prosjektet.
3. kommune seier seg samd med at Tinget i Vest drøftar grunnlaget for eit slikt prosjekt og gjev føringar for arbeidet.
4. Styret i Regionrådet Vest er styringsgrupe for prosjektet
5. Styret i Regionrådet Vest får fullmakt til å ta stode til prosjektleiing.

03/12

Til Rådmannsgruppa
Styret

KARTLEGGING STRANDSONE OG KOMMUNEDELPLAN NÆRINGSAREAL

Felles planarbeid knytt til strandsone og næringsareal har vore drøfta i Regionråd Vest i 2012. I styremøtet den 3.12.12. vart det vedtatt:

- ”Strandsone
 - *Regionen prioriterar kartlegging av strandsona, arbeidet med kommunedelplan vert vurdert seinare*
- *Næringsareal*
 - *Regionen skal utarbeide felles kommunedelplan næringsareal, i samarbeid med Fylkeskommunen, BRB, Fylkesmannen og eventuelt andre.*
- *Rammer, organisering og finansiering vert utgreidd nærare og endeleg sak lagt fram i neste styremøte i Regionråd Vest.*”

Dette notatet er eit utkast til saksutgreiing, som dersom den vert godkjent i styret vert grunnlag for felles saksframstilling til dei fire kommunane.

SAMANDRAG

Kommunane i Region Vest har felles utfordringar knytt til planlegging og utbygging i strandsona og avsetting av areal til næringsutvikling. For å få ei regional og samordna prosess tilrår styret i Regionråd Vest at det vert ei felles kartlegging av strandsona, og felles arbeid med kommunedelplan næringsareal.

Hordaland Fylkeskommune, Fylkesmannen og Business Region Bergen (BRB) vil aktivt delta inn i arbeidet med kompetanse, bistand til kartlegging og analyser, og økonomiske tilskot.

INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRENE

1. kommune går inn for regional kartlegging av strandsona saman med kommunane
2. kommune går inn for regionalt felles planarbeid med kommunedelplan næringsareal saman med kommunane
3. Det vert lagt opp til at Fylkesmannen og Hordaland Fylkeskommune deltek i prosessane både fagleg og økonomisk.

INNSTILLING TIL VEDTAK FOR STYRET I REGIONRÅD VEST

3. Utkast til saksfremstilling godkjennes slik den er fremlagt.
4. Saken sendes den enkelte kommune for videre behandling.

SAKSOPPLYSNINGAR

Kommunane i Region Vest ligg i ein av dei sterkaste vekstregionane i landet, både når det gjeld auke i tal innbyggjarar og vekst i næringslivet. Kommunane er bynære, har lang strandsone, næringslivet etterspør næringsareal knytt til handel/service, kontorbygg/lettare industri, og tyngre næringsaktivitetar. Delar av bustadbygging og næringsutvikling er relatert til strandsoneforvaltninga, medan andre delar er knytt til landområde i kommunane.

Strandsone

Alle kommunane er plassert i sone 2 i høve strandsoneforvaltninga. I dei statlege planretningslinene står det: ” *Kysten i Aust-Agder og Vest-Agder og deler av kysten i Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag, anses som områder der presset på arealene er stort. Presset er ikke nødvendigvis stort i hele kommunen, men knytter seg til enkelte attraktive områder langs kysten. Dette gjelder følgende kommuner (i Hordaland....): Askøy, Bergen, Fjell, Lindås, Meland, Os, Sund, Øygarden* ”

Det er ingen signal om at dette vert endra. I møter med regionen uttrykker Fylkesmannen at det er ønskjeleg at dei fire kommunane samla gjennomfører ei kartlegging av strandsona, og når det er ferdig vurderar eventuell felles planlegging. Dei viser til at dei fire kommunane samla vil kunne få til betre løysingar enn om den enkelte kommune gjer dette på eiga hand.

Sunnhordland har allereie gjort eit omfattande arbeid med kartlegging av strandsona, og vår region kan hente metodikk og erfaring derifrå. Dei har i samarbeid med Fylkeskommunen tatt eit steg vidare, og Fylkeskommunen la i desember denne kunngjeringa ut på si heimeside: ” **Planprogram for regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger på høyring.**

Fylkesutvalet har vedteke å legge planprogram for regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger ut til offentleg høyring med høyringsfrist 25. januar 2013. Berekraftig kystsoneplanlegging, strandsona, akvakultur, sjøtransport og maritim næring er tema i planarbeidet. Planområdet omfattar kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Fusa, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. ”

Lenke: <http://www.hfk.no/Hordaland-fylkeskommune/planlegging/Regional-planlegging/Planar-under-arbeid/Regional-plan-for-Sunnhordland/Planprogram-for-regional-kystsoneplan-for-Sunnhordland-og-ytre-Hardanger-pa-hoyring/>

Funksjonell strandsone (” *Den sona som står i innbyrdes direkte i samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Sona kan vere smalare eller breiare enn 100-metersbeltet* ”) er delvis gjennomført i kommunane i Region Vest. Det same gjeld strandsonekartlegginga. Det betyr at det ikkje er gjort eit samla og fullstendig arbeid, noko som er viktig for gode arealplanar og val av løysingar for samfunnsutvikling i lokalsamfunn og regionen samla sett.

Visjonen for ein regional plan for forvaltning av strandsona er at eit gjennomarbeidd plangrunnlag – der strandsoneforvaltningar kan verta vurdert i ein regional samanheng, kan gje klare og godt funderte forvaltningsreglar slik at innbyggjarane og næringslivet kan forventast ei raskare, meir samordna og forut seieleg sakshandsaming med høgare kvalitet. Det er eit mål at regionen får ei berekraftig forvaltning av strandsona – og at talet på dispensasjonssøknader kan verta redusert.

Regionrådet Vest er inspirert av det Sunnhordlandskommunane arbeider med på dette planområdet og ser for seg å ta lærdom av den prosessen som desse kommunane gjennomfører.

Det regionen kan oppnå med kartlegginga er utvikling av meetodikk, samt å få fram fakta og samle dokumentasjon om strandsona i dei fire kommunane og regionen samla.

Næringsareal

BRB sine utgreingar viser at det vil vera behov for nye næringsareal i Bergensregionen slik utviklinga teiknar seg i dag. Gjennom eit plansamarbeid i Region Vest kan kommunane sine tankar for utvikling av nye næringsareal ha eit vidare perspektiv enn det som er normalt i kommuneplanarbeidet. Godt underbygde framlegg til arealutvikling vil og ha større tyngde i overordna styresmakt sine vurderingar enn om ein kommune åleine fremjar nye tiltak.

Gode Sirklar AS og nærings sjefen på Askøy har saman med næringsliv og offentleg sektor arbeidd med den strategiske næringsplanen for regionen. Dette arbeidet er ikkje slutført, og arbeidet med næringsareal i regionen vil vere eit nyttig bidrag inn i den generelle strategiske næringsplanen.

Hordaland Fylkeskommune har fått mynde til å utgreie og vedta juridisk forpliktande regionale arealplanar. Fylkeskommunen opnar for parallelle planprosessar knytt til «Regional plan for utbyggingsmønster, arealbruk og transport i Bergensregionen» og kommunedelplan næringsareal i Region Vest. Fylkeskommunen opnar for at vår region kan vere ein pilot for Fylkeskommunen sitt planarbeid på dette område.

BRB har i sine strategiar utvikling av næringsareal knytt til Bergensregionen. BRB har vore aktiv i førebuingssfasen for å få ein felles planprosess i Region Vest, for på den måten få eit samla og dynamisk arbeid innafor eit område som krev regional tenking. Utvikling av næringsareal krev langsiktig og strategisk planlegging, og BRB kan stille med kompetanse og noko finansiell støtte inn i Region Vest sitt planarbeid.

Kommunane i Bjørnefjordbassenget er i startfasen på tilsvarande næringsarealprosjekt. Eit samarbeid mellom dei to regionane innan metodikk, kjøp av konsulenttenester og erfaringsutveksling kan vere ei styrke for å få effektive og gode planprosessar.

Parallele planprosessar.

Regional plan for utbyggingsmønster, arealbruk og transport i Bergensområdet er starta opp – og utkast til planprogram er langt på veg utarbeidd. Tidsramma for dette planarbeidet vil strekkja seg ut i 2015. Særleg i høve til denne planen er dei plantema som Regionrådet Vest har peika på svært aktuelle. Fylkesordføraren har ved personleg frammøte i kommunane orientert om planprosessen – og oppmoda kommunane om engasjement i det vidare arbeidet.

Planarbeidet som vert gjennomført i fylkeskommunal regi vil etter kvart i sterkare grad påverke handlingsrommet for kommunal planlegging. Difor er det rimeleg at kommunane i sterkare grad fylgjer med på kva som skjer i slike planprosessar – og medverkar undervegs i prosessane. Ut frå ei tenking at dei fire kommunane i stor grad har samanfallande interesser, kan det vera rasjonelt å samarbeida om plantema som er aktuelle for ein større region.

VURDERINGAR

Det er nokre moment som er nyttig å vere bevisst på når det skal vurderast om og eventuelt korleis Region Vest skal arbeide med felles planlegging av næringsareal og kartlegging/plan for strandsona. Momenta er mellom anna:

- Strandsona og næringsareal heng tett saman i våre kommunar.

- Alle kommunane har kun delvis gjennomført strandsonekartlegging og innført funksjonell strandsone
- Det er press på areal, sterk befolkningsvekst og ekspansivt næringsliv med behov for ulike typar areal.
- Det er markante utfordringar knytt til samferdsel og transport, inklusivt det å komme seg til-frå arbeid.
- Fylkeskommunen har fått juridisk mynde og oppgåve med regionale arealplanar. Desse vert realisert i 2015/2016.
- Både Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Business Region Bergen er tydeleg på at ein samla Region Vest vil få til meir og få tettare oppfølging enn den enkelte kommune vil oppnå.
- Næringsliv og innbyggjarar er i liten grad oppteken av kommunegrenser – dei beveger seg på tvers av grenser slik dei finn det nyttig for seg og si verksemd.

Gevinsten med å ha eit regionalt samarbeid og felles prosessar knytt til kartlegging strandsone og kommunedelplan næringsareal vil mellom anna vere:

- Det felles planarbeidet kan etablere ein arena for næringsutvikling og forvaltning av strandsona.
- Kommunane i regionen vil få eit betre og tettare dialog med Fylkeskommune, Fylkesmann og andre
- Regionen kan få eksterne tilskot til planarbeidet, og bistand til analyse- og kartleggingsarbeidet.
- Kommunane kan hente ut gevinst i høve kvalitet på planprosessar og planarbeid, og meir effektivt/ rasjonelt arbeid
- Ein kan finne regionale løysingar som er betre enn det den enkelte kommune kan få til. Det kan vere bruk av areal, infrastruktur, lik handtering av strandsoneproblematikk som gir folkevalde og administrasjon større trygghet i sine vurderingar
- Kommunane kan gjennom dette arbeidet utvikle eit tettare og betre samarbeid generelt.

Skal regionen gjennomføre felles planarbeid for næringsareal og kartlegging strandsone må dette komme i organiserte og strukturerte rammer. Nedanfor er forslag til korleis det kan gjerast.

Organisering

Arbeidet med kartlegging strandsone og kommunedelplan næringsareal kan på dei mest grunnleggjande områda organiserast likt. Dette er lagt til grunn for dette forslaget.

Planavdelingane i kommunane har dyktige medarbeidarar, og har meldt positiv interesse for å delta i arbeidet. Kapasiteten tilseier at det må tilførast noko eksterne ressursar, slik som prosjektleiing og kjøp av tenester for utgreiingar, kart og anna.

Kommunane er i ulike planfaser, det kan vere ein positiv faktor for å få framdrift og innhald i det regionale planarbeidet. Arbeidet med næringsareal og strandsone må knytast til Fylkeskommunen sitt arbeid med regionale planar.

Arbeidet bør organiserast som eit prosjekt over 2 år med prosjektleiar i delstilling. Det kan forankrast i det eksisterande prosjektet ”Plan og byggesak”, der næringsareal og strandsone allereie er innlemma.

Det må etablerast prosjektgruppe og arbeidsgrupper, med deltaking frå planavdelingane i kommunane og representantar frå Fylkeskommunen, Fylkesmannen og eventuelt andre eksterne aktørar. Styret i Regionrådet Vest er prosjekteigar og rådmannsgruppa er styringsgruppe.

Økonomi

Planarbeidet er tenkt delfinansiert med eksterne midlar. Det er signal på at regionen vil få tilskotsmidlar frå Fylkesmann (skjønnsmidlar) og Fylkeskommunen (RUP-midlar). I tillegg har Fylkeskommunen og BRB opplyst i møte at dei kan stille med kompetanse og personell til å bistå med analyser og kartlegging.

Utgiftene til arbeidet vil i stor grad vere knytt til prosjektleiar, og kjøp av konsulenttenester på deloppdrag. Ramme for årlege utgifter er ca 1,2 mill kroner. Om lag halvparten av dette bør ha ekstern finansiering. Kommunen sin andel vil i stor grad reknast som eigeninnsats.

Det er viktig å merke seg at det arbeidet som vert gjort er oppgåver som kommunane uansett må få utført i løpet av relativt kort tid.

Framdrift, prosess

Dersom styret i Regionråd Vest går inn for regional kartlegging av strandsona og regional kommunedelplan næringsareal, vil ei fellessak om dette gå ut til kommunestyrane vinteren 2013, med vedtak før sommaren 2013. Umiddelbart etter endelege vedtak i kommunestyra vil det konkrete arbeidet ta til, og avsluttast etter 2 år.

Parallelt med handsaming i kommunane vert det vinteren 2013 søkt om ekstern finansiering, og planarbeidet vert førebudd i noko grad gjennom prosjektet ”Plan og byggesak” som allereie er etablert.

Torgeir Sæter
Prosjektleder

4/13

SØKNAD PÅ SKJØNNSMIDLER – REGIONALE PROSJEKT

Fylkesmannen tildeler skjønnsmidler til utviklingsprosjekt for 2013, søknadsfrist er 1. februar. Et kriterium er at søknadene er politisk forankret.

Prosjektene som det arbeides med i regionen er allerede politisk forankret, men det kan være egnet å få en ny behandling knyttet til søknadene for 2013. Videre er saken en informasjon til rådmenn og styret.

Det er aktuelt å søke på skjønnsmidler for ”Betre saman for barna”, og delprosjekt innenfor ”Plan og byggesak”. Prosjektet ”Rusomsorg – Prosjekt Vest” er såpass usikker på innhold og framdrift at det legges ikke opp til å søke på midler i år med mindre rådmennene eller styret ønsker dette.

”Betre saman for barna”

Prosjektet hadde kr 525.000 til disposisjon i 2012. Konferansen i september og lønn til prosjektleder (60%-stilling fra april 2012) har gjort at det ikke er midler å overføre til 2013.

Det legges opp til å søke på skjønnsmidler for dette prosjektet i 2013, som er siste projektåret. Konkrete tiltak som barnevernsvakt og felleskontor oppfølging av fosterhjemsplasserte barn blir søkt finansiering på gjennom øremerkede styrkingsmidler i barnevernet.

Det søkes på kr 600.000 i skjønnsmidler fra Fylkesmannen for 2013.

”Plan og byggesak”

Adresse
Regionrådet Vest co/Sund kommune
Postboks 23
5371 Skogsvåg

Telefon leiar: 56 32 75 00
Telefaks: 56 32 75 01
E-post: post@regionradetvest.no
Nettstad: www.regionradetvest.no/

Prosjektet hadde kr 1.050.000 i prosjektmidler i 2012. Utgifter i fjor var i hovedsak lønn til prosjektleder (40%-stilling fra april 2012), og mindre samlinger for arbeidsgrupper. Det overføres ca kr 750.000 fra 2012 til 2013.

På grunn av overførte prosjektmidler søkes det ikke på hovedprosjektet for 2013, men på disse delprosjektene:

- Strandsonekartlegging kr 300.000
- Næringsareal kr 300.000
- Fellesportal plan og byggesak kr 250.000
- Felles landbrukskontor kr 200.000

Fellesportal er ønsket av fagavdelingene, og det vil effektivisere og kvalitetssikre skjema, prosedyrer, kriteriegrunnlag og informasjon/ dialog med utbyggere/ søkere.

Fagavdelingene i landbruk ønsker å utrede et mulig felles landbrukskontor i regionen for å styrke og effektivisere landbruksforvaltningen i regionen.

Konkret søknadsbeløp kan bli noe endret når det søkes på skjønnsmidler dersom det underveis i prosessen kommer nye opplysninger som må tas hensyn til. Det vil bli sendt ut årsrapport på prosjektene i disse dager.

INNSTILLING TIL VEDTAK

Styret i Regionrådet Vest ber om at det søkes på skjønnsmidler fra Fylkesmannen som skissert i denne saken.

05/13

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval: Regionrådet vest	Møtedato
--------------------	--------------------------------	-----------------

Adresse
Regionrådet Vest co/Sund kommune
Postboks 23
5371 Skogsvåg

Telefon leiar: 56 32 75 00
Telefaks: 56 32 75 01
E-post: post@regionradetvest.no
Nettstad: www.regionradetvest.no/

--	--	--

Oppretting av prosjektstilling som regional bygningsvernkonsulent

Samandrag av saka:

Medlemskommunane i det interkommunale kultursamarbeidet (IKKUS) har vurdert det slik bygningsvern og kulturvern treng fleire ressursar og auka kompetanse. IKKUS gjekk i 2011 inn for å søkje Fylkesmannen om skjønnsmidlar i 2012 for å få oppretta ein prosjektstilling som bygningsvernkonsulent. Bygningsvernkonsulenten skal arbeide med evaluering av SEFRAK-lister i region vest, felles kulturminneplan og fungere som kompetanse for ulike kulturvernprosjekt i regionen.

Dette fell inn under satsingsområdet til Riksantikvaren fram til 2017, samt Hordaland fylke sin *Musea i Samfunnet - Regional plan for museum 2011-2015*. Stillinga vert då administrert gjennom Museum Vest. Hordaland fylkeskommune går inn med kr. 300.000 kvart år så lenge prosjektstillinga vert oppretthalde. Fylkesmannen i Hordaland gjekk inn med eit tilskot på kr. 200.000 basert på skjønnsmidlar i 2012. Kvar kommune har i sak hos Regionrådet Vest vorte einige om ei tildeling av kr. 10.000 kvar i kvart av åra prosjektet strekk seg. Stillinga vert administrert gjennom Museum vest, der utkast til stillingsutlysing er utforma.

Regionrådet Vest har i desember 2012 bede om ei orienteringssak kring opprettinga av stilling som Bygningsvernkonsulent

Innstilling:

Saka er levert utan innstilling!

Straume, den 07.01.2013

Lennart Fjell
Kultursjef i Fjell

for IKKUS

Dokument vedlagt saka:

1. Referat frå IKKUS
2. Søknad om skjønnsmidlar Fylkesmannen i Hordaland
3. Førebels utlysingstekst

4. Brev og utlysning frå Riksantikvaren

06/13

M Ø T E R E F E R A T

KORTVERSJON – UTDRAG FRÅ NOKRE AV SAKENE



Møtenr.	9/ 2012
Møtedato	06.12.2012
Tid	kl 10.00 – 13.50
Stad	Sund
Deltakarar	Bernt Hjørnevik, Gunnar Brynjulfsen, Lennart Fjell og Laila Klemetsaune

1. Bygningsvernkonsulent i regionen

Denne saka har vore arbeidd med i lang tid etter som alle kommunane har behov for kompetanse på bygningsvern, registreringar av kulturminne og planarbeid. Fylkeskommunen har løyvd kr 300.000 til dette arbeidet, Fylkesmannen har løyvd kr 200.000 i skjønsmidlar og kommunane har budsjettert med kr 40.000 til saman. Planen frå IKKUS si side er at dette er eit 3 – årig prosjekt. Museum Vest v. Bjørg Christophersen lagar eit utkast til avtale. Den som vert tilsett skal ha hovudfokus på kommunane sitt behov og hjelpa private eigarar som vil restaurera verdifulle kulturminne.

Fylkeskommunen stiller med årlege løyvingar og kommunane kan bidra med kr 10.000 kvar innanfor kulturbudsjetta sine. Det avgjerande spørsmålet er om Fylkesmannen kan lova vidare løyvingar ut over det første året. Kultursjefen i Fjell tar ny kontakt med Fylkesmannen for ei mogleg avklaring på same løyvinga 2 år til. Lennart Fjell følgjer opp dette og skriv saka til Regionrådet før den går til kommunestyra for endeleg avgjerd.

2. Stemmerettsjubileet 2013 og grunnlovsjubileet 2014

IKKUS har utfordra ungdomsråda og ungdommens kommunestyre til å ta opp dette med dei lokale råda og styra. Leiarane tar med seg idear til IKKUS-møtet som dei vert inviterte til i januar. Der vil vi samstundes møta Barbara Hartenik frå fylkeskommunen og EU-kontoret for felles idemyldring og orientering om søknadsordningar.

3. Kommunikasjonsstrategiar

IKKUS vil orientera medarbeidarar, kommuneadministrasjon og politiske utval om prioriterte saker. Alle medarbeidarar på kulturkontora får fullstendig referat frå møta, men elles formidlar vi berre ein kortversjon til politiske råd og utval som kan ha interesse av det. Kommunane har ulik organisering, så kultursjefane må sørgja at dei rette får kortversjonen. Regionråd Vest får tilsend det same. I tillegg vil vi bruka heimesidene og oppdatera IKKUS-sida på aktuelt stoff. I tillegg vil vi laga ein plan for korleis vi brukar media.

4. Rapport minneseglas

Rapporten frå minneseglasen vil gå til alle deltakarar og bidragsytarar i februar.

5. Årleg IKKUS-samling

Alle medarbeidarane på kulturkontora, biblioteka, frivilligsentralane og kulturskule-administrasjonen vert inviterte til ei årleg samling, - på Herdla i 2010, Panorama i 2011 og Kystmuseet i 2012. På samlingane har vi presentasjonar av fagområde med felles interesser og workshops for vidare fellessatsingar. Desse samlingane skapar entusiasme for å gå i gang med nye kulturprosjekt i regionen.

6. Kulturskulen

Kulturskulane har eit nært samarbeid og satsar på utvikling av nye kulturskuletilbod. Det er verd å merka seg at staten har løyvd 7,1 mill kr til kulturskuletilbod i SFO til alle som ynskjer det. Beløpet er i rammeoverføringa for haustsemesteret 2013. Kommunane må sjå til at dette vert reflektert i budsjetta til kulturskulane.

17.12 12 Laila Klemetsaune

ÅRSRAPPORT 2012 - "PLAN OG BYGGESAK"

Prosjektet "Plan og byggesak" startet opp våren 2012, og skal avsluttes 31.12.2013. Tiltak som blir etablert og som skal vare utover prosjektperioden skal da inngå i de ordinære tjenestene og ordinært interkommunalt samarbeid.

Prosess

Prosjektet er ledet av prosjektleder i 40%-stilling og prosjektgruppe. Deltakere i prosjektgruppen har vært:

Askøy	Knut Natlandsmyr
Sund	Frode Glesnes
Fjell	Bjørn Erik Kristiansen
Øygarden	Øyvind Lunde

Gerhard Inge Storebø deltatt på prosjektmøtene det siste halvåret.

I tillegg har det vært arbeidsgrupper på delprosjektene;

- Arealplan
- Byggesak
- Oppmåling
- Ulovlig bygging/tilsyn
- Landbruk

Delprosjektene Attraktive arbeidsplasser, Strandsone og Næringsareal har vært håndtert av prosjektgruppen.

Tiltak

2012 var et år der prosjektet i stor grad ble samlet, tok tak i harmonisering, begynne å lage felles faglige verktøy, og utrede mulige framtidige fellestiltak.

Sentrale områder har vært;

- Samordne maler, skjema, informasjonsmatriell
 - Her er mye allerede gjort, og mer vil skje i 2013.
 - Dette vil kobles til etablering av fellesportal
- Fagmetodikk, opplæring, kompetanse
 - Noe er gjort, men dette området vil bli intensivert i 2013. De ulike gruppene vil hente inn erfaringskunnskap fra andre regioner, ha fellesopplæring på utvalgte områder, og det legges opp til en høstkonferanse for hovedprosjektet med administrativ og politisk deltakelse
- Felleskontor
 - Alle delprosjektene hadde i oppgave å vurdere om ett eller to felleskontor kan være nyttig å få etablert. Flere så en nytte, men og såpass store svakheter at kun landbruk har valgt å gå videre på en utredning. Det vil bli søkt ekstern finansiering på dette.
- Næringsareal og strandsone

- Dette er to områder som har vært oppe til flere drøftinger i regionen. Det vil bli avklart vinteren 2013 om de to delprosjektene skal realiseres.
- Fellesportal
 - I dag er hjemmesider og elektroniske løsninger av varierende kvalitet i kommunene, og det er tidkrevende å holde de à jour. For å effektivisere og kvalitetssikre ikt-løsninger på saksfeltene vil prosjektet etablere en fellesportal for regionen. Den vil trolig være på plass i siste halvdel av 2013.

Økonomi

Prosjektet hadde kr 1.050.000 til disposisjon i 2012. Foreløpig regnskap viser:

	<u>Inntekt</u>	<u>Utgift</u>
<i>Eksterne tilskudd</i>	1.050.000	
<i>Lønn prosjektleder</i>		270.000
<i>Diverse utgifter</i>		30.000
<i>Sum</i>	<u>1.050.000</u>	<u>300.000</u>
<i>Mindreforbruk</i>		<u>750.000</u>

Mindreforbruket overføres til 2013.

Utfordringer

Utfordringene for prosjektet vil bli å ha kapasitet i det daglige for å få realisert gevinstene med å ta et felles løft. Det er et godt og positivt engasjement i alle arbeidsgruppene, og fagfolkene ser nytten av en interkommunal satsing der det er gevinster å hente.

Fylkesmannen og Fylkeskommunen har vist positiv interesse for prosjektet, og deltatt i møter. Det å komme i dialog med næringsliv, utbyggere og andre eksterne samarbeidsparter vil være et viktig område å ta tak i for 2013.

Politisk forankring utover ordførernivå vil i noen saker være nødvendig og i alle saker nyttig. Det bør søkes åpninger i den enkelte kommune og i regionen for å få dette til.

Oppsummering og veien videre

Prosjektet har godt engasjement og framdrift i fagmiljøene, men trenger nærmere politisk forankring på flere områder. Planutvalgene i kommunen må få orientering og kunne delta i dette utviklingsarbeidet.

Saker som næringsareal, strandsone og fellesportal kan føre til konkrete og gode løsninger for både enkeltkommune og region. De andre sakene som jobbes med i delprosjektene er alle nyttige og viktige, og vil føre til mer effektive kommuner med bedre tjenester innenfor plan og byggesak.

Torgeir Sæter
prosjektleder

ÅRSRAPPORT 2012 - "BETRE SAMAN FOR BARN"

Prosjektet "Betre saman for barna" startet opp høsten 2011, og skal avsluttes 31.12.2013. Tiltak som blir etablert og som skal vare utover prosjektperioden skal da inngå i de ordinære tjenestene og ordinært interkommunalt samarbeid.

Prosjektet er positivt lagt merke til i Barne- og Likestillingsdepartementet, KS og hos Fylkesmannen. BUP er positivt med i prosjektet, mens vi ikke har maktet å få etablert samarbeid med Bufetat.

Prosess

Prosjektet er ledet av prosjektleder i 60%-stilling og prosjektgruppe. Deltakere i prosjektgruppen har vært:

Askøy	Siren Tumyr Nilsen
Sund	Inge Ekerhovd
Fjell	Tove Helleland
Øygarden	Åse Vik
BUP	Ingeborg Moldstad
Bufetat	Ingunn Folkstadås (trakk seg ut i november – Bufetat har ikke meldt inn ny)

I tillegg har det vært arbeidgrupper på delprosjektene;

Barnevernvakt, Felleskontor for oppfølging fosterhjemsplasserte barn, Kompetanseutvikling, Karrierebygging, Arbeidsvilkår, Start-samtaler.

Delprosjektet "Betre saman med skule" er erstattet med deltakelse i KS Effektiviseringsnettverk "Samhandling for utsatte barn og ungdom".

Tiltak

Prosjektet er en kombinasjon av å utvikle nye og bedre samhandlingsmønstre for utsatte barn og ungdom, og å komme med konkrete tiltak.

Sentrale innsatsområder i 2012 var;

- Forankring, fagutvikling
 - Arrangerte fagsamling med 150 deltakere
 - Forbredt regionale opplæringstiltak
 - Få skole, barnehage, helse med i prosjektet via KS Effektiviseringsnettverket
- Forbrede fellestiltak
 - Barnevernvakt
 - Felleskontor for oppfølging fosterhjemsplasserte barn
 - Regionalt senter, Villa Vil
- Samordnet, tidlig innsats
 - Bygge videre på metodikk i Modellkommuneforsøket, blant annet "Start-samtaler" i barnehagene er sentrale. Barnehagene har en samtale med alle nye bar/foreldre, og kan i denne samtalen kartlegge og bringe videre behov for bistand til barn/familie
 - Deltakelse i KS Effektiviseringsnettverk
- Organisasjonsutvikling
 - I hovedsak relatert til barneverntjenestene
 - Det å justere organiseringen av de ansatte innen barnevernet, og se på alternative karriereveier er i ferd med å konkretiseres. Dette arbeidet må utføres av den enkelte kommune. Forarbeid gjort i 2012, realisering i 2013
 - Arbeidstid og arbeidsvilkår for de ansatte. Aktuelt å justere arbeidstiden til å strekke seg ut over ordinær kontortid. Forarbeid gjort i 2012, realisering i 2013.
 - Justerte arbeidsvilkår og lønnsforhold ble innbakt i de lokale lønnsforhandlingene i 2012.

Økonomi

Prosjektet hadde kr 525.000 til disposisjon i 2012. Foreløpig regnskap viser:

	<u>Inntekt</u>	<u>Utgift</u>
<i>Eksterne tilskudd</i>	525.000	
<i>Lønn prosjektleder</i>		380.000
<i>Konferanse i september</i>		296.000
<i>Egenandel konferanse fra kommunene</i>	64.000	
<i>Diverse utgifter</i>		5.000
<i>Sum</i>	<u>589.000</u>	<u>681.000</u>
<i>Merforbruk</i>		<u>92.000</u>

Merforbruket skyldes subsidieringen av høstkonferansen, der deltakelsen ble betydelig større enn forventet.

Utfordringer

Et såpass omfattende prosjekt har flere utfordringer, de største er:

- Få på plass den tverrfaglige deltakelsen, både i prosessen og i de tiltak som blir etablert. Skal vi kunne nå målet om mer helhetlig, samordnet og tidlig innsats må flere enn barnevernet ta ansvar. Får vi ikke det til vil prosjektet ikke nå sine mål. Deltakelse og engasjement i KS Effektiviseringsnettverket blir viktig.
- Få etablert et samarbeid med Bufetat eller departement, slik at de kan være en positiv drivkraft.
- Videreføre glød og engasjement rundt prosjektet – skape begeistring. Treffe med innsatsen og tiltak slik at det skaper engasjement.
- Få til gode resultat som merkes hos brukere, ansatte og politikere!

Oppsummering og veien videre

Prosjektet har maktet å sette arbeidet med utsatte barn og ungdom mer på dagsorden. Det er oppnådd flere gode resultat, og konkrete tiltak forventes å bli etablert i 2013. Det er fortsatt mange muligheter og kilder til å løfte vern av barn til et høyere nivå!

2013 må bli et år der flere konkrete resultat i prosjektet kommer på plass, og som kan gi varige løsninger for bedre vern av barn og en bærekraftig kommuneøkonomi.

Torgeir Sæter
prosjektleder